

# Lokalavis- seminaret

Diktaren som bladmann  
Lom 15. og 16. oktober



”Skyer på Guds himmel”, som sto på trykk i Hallingdølen 6. Juni 1946, var eit glefsande angrep på kristenfolk og pietisme. Artikkelen var beisk og polemisk i kjend Tor Jonsson-stil. Den førde til sterke reaksjonar og boycott av bladet, og Tor Jonsson blei ikkje gamal som redaktør.

Kva var det med Tor Jonsson sine meiningar og skrivemåte som provoserte så sterkt? Kva passar seg i ei lokalavis? Er det slik også i dag at journalistikken i lokalavisene helst bør skildre eit skyfritt lokalsamfunn, ikkje tirre lesarane og stryke den lokale makta medhårs?

Lokalavisene er i vekst i ei tid der resten av den trykte pressa opplever krise. Det blir fleire lokalaviser og dei har god utvikling i opplag og inntekter. Men akslar dei det frie ordet og den samfunnskritiske rolla? Tek dei samfunnsoppdraget sitt på alvor? Og kva skjer dersom lokalavisene går over frå å vere idealistiske og lokalpatriotiske prosjekt til å bli innlemma i medieindustrielle konsern? Det er det eine hovudtemaet på seminaret.



Det andre hovudtemaet tek også utgangspunkt i Tor Jonsson som bladmann. Han hadde lokalavisene som springbrett for skivarlivet sitt, og mange andre av dei beste litterære pennane har også drive vekselbruk mellom journalistikk og diktning. Kva er det som skil dei ulike sjangrane? Kva er tilhøvet mellom rollene som journalist og forfattar? Kan dei kombinerast i dag? Eller er profesjonaliseringa av journalistikken i ferd med å bryte ein skivar-historisk samanheng?

Arrangør: Tor Jonssonlaget i samarbeid med Landslaget for lokalaviser og Norsk Pressehistorisk Forening

# Program lokalavisseminaret

## Torsdag 15. oktober:

- 10.00-10.15 Velkommen. Presentasjon av tema og tankane bak ved Håvard Teigen
- 10.15-12.00 Er kritisk lokalavisjournalistikk til å leve med og leve av?
- Smakebitar frå Tor Jonssons journalistikk ved Arnhild Skre og Egil Ulateig
  - Frå Tor Jonsson til dagens journalistikk ved Ingar Sletten Kolloen
  - Diskusjon
- 12.00-13.00 Lunsj med noko attåt
- Noko attåt: JK, ein ekte lokalavismann ved Andreas Hompland
- 13.00-13.30 Lokalpressas historie med vekt på nynorskavisene ved Ottar Grepstad
- 13.30-14.00 Kvifor er lokalavisa vinnaren? ved Sigurd Høst
- 14.00-15.00 Kva kan vi vente av vinnaren? Unnlatelsessynd versus skrivesynd ved Rune Hetland og Svein Brurås
- 15.00-15.45 Diskusjon (med beinstrekk og kaffe attåt)
- 16.00-18.00 Lokalavisa som marknad
- Status om økonomi, eigarskap osv ved Johann Roppen
  - Dersom eg framleis skulle utvikle eit aviskonsern - lokalavisane sin plass ved Alf Hildrum
  - Lokalavisa som arbeidsmarknad
- Frå London/ New York til Fjell-Ljom ved Jon Høsøien
- Frå Dølaposten til NRK ved Magni Øvrebotten
- 20.00 Middag
- Fest- og fagtalar: Tor Gotaas fortel om den vandrande redaktøren Andreas Mehlum

## Fredag 16. oktober:

- 09.00-11.00 Litterære kvalitetar: Avisa og den skjønnlitterære vegen ved
- Agnes Ravatn
  - Tor Obrestad
  - Rune Timberlid
- 11.15-12.00 Diskusjon
- Lunsj
- Møtelyden vel sin eigen dagsorden, inkludert å avslutte
- 12.00-13.00 Scenarier for Lokalavisene ved Andreas Hompland og følge
- 13.00-utover Til fri disposisjon

Seminaret blir arrangert av Tor Jonssonlaget i samarbeid med Landslaget for lokalaviser og Norsk Pressehistorisk Forening.

Seminarstaden er Andvord, eit staseleg gardsanlegg i skarp kontrast til Tor Jonssonstugu, eller stuslegstugu, som han kalla det. Andvord er likevel naturleg seminarstad. Her vanka Tor som unggut. Han hadde gode besøk i samtaler og bokhyller, men har også skildra livet i ugrasåkeren i alt anna enn bonderomantiske vendingar.

Seminaravgift, inkludert festmiddag:  
med overnatting: kr 2500  
utan overnatting: kr 1500

Påmelding skjer ved:  
E-post til: [havard.teigen@hil.no](mailto:havard.teigen@hil.no) eller  
Landslaget for lokalaviser: [l1a@l1a.no](mailto:l1a@l1a.no)  
Innbetaling av seminaravgift til kto. 2085 63 51050  
(hugs namn på innbetalinga)

Frist for påmelding: 1. oktober

